

**Retningsliner og målsetjing for hjorteforvaltning 2024-2027 i  
Stranda kommune.**



**Stranda kommune**

## Innhold

1.	Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning i tråd med resultata frå merkeprosjektet «Sunnhjort».....	4
2.	Halde oppe beitekvaliteten i utmark .....	5
3.	Redusere skader på innmark og skog .....	6
4.	Oppnå ei sunnere hjortestamme.....	7
5.	Viltpåkøyrsler. ....	9
6.	Rapport og kontroll.....	9
7.	Brot på mål og retningsliner .....	9
8.	Avskytingsstrategi og modell til bestandsplanane:.....	10
9.	Forvaltingsmål og tiltak i planperioden .....	11
	Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser: .....	11
	Auke snittalder i bestanden .....	11

Innleiing.

I samband med ny forskrift om hjorteforvaltning FOR-2012-02-10-134 § 3 må kommunen ha utarbeidd ei målsetting for jaktbart hjortevilt.

«Kommunen skal vedta målsettingar for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr der det er opna for jakt på arten(e). Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på jord- og skogbruk og omfanget av viltulukker på veg og bane.»

Minsteareal etter vedteken lokal forskrift.

Avvik av minsteareal kan vere opptil 50 % etter søknad, jf .§ 7 i forskrift. Vilkåret for dette er kortvarig bestandsregulerande tiltak for maks. 2-3 år.

Bestandsplanar skal utarbeidast for fire år, 2024-2027.

1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning i tråd med resultata frå merkeprosjektet «Sunnhjort»


Ein skal søkje å ha eit uttak som er rett, både med omsyn på tal og kjønns- og aldersfordeling og målsetning om høgare gjennomsnittsalder i hjortestamma.

Alle jegerar/jaktfeltsleiar/jaktlagsleiar skal nytte den digitale registreringsportalen til hjorteviltregisteret [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) der hjortevaldleiar godkjener registreringane ved jaktslutt.

- Skjema om fellingsrapport skal returnerast til kommunen etter avslutta jaktsesong.
- Det skal utførast vårteljing kvart år.

**Områdebruk for hjorten i Stranda kommune**

- 60% av hjorten er trekkande dvs. har ulike leveområde vinter-sommar.
- Trekker stort sett berre innanfor kommunen, unntak Liabygda.  
Migrasjonsavstand korrelerer med bestandstettleik.
- Haustrekket startar om lag ved jaktstart, snittdato 21.9.
- 80% har trekt til vinterbeiteområda innan første frostnatt, dvs. medio oktober.
- Det er ein fordel med ny valdstruktur og samanslåing av jaktfelt, i alle fall organisering med samarbeid mellom bestandsplanområda i tråd med årsleveområda.



### Moglege anbefalte strukturelle og effektive tiltak:

1. Slå saman jaktfelt eller samarbeid/fellesjakt mellom flere jaktfelt.
2. Slå saman hjortevald.
3. Etablere bestandsplanområde mellom flere hjortevald.
  - Til arbeid med å organisere felles bestandsplan og felles bestandsplanområde blir det gitt eingangsstønad på kr 5 000,- pr. hjortevald som slår seg sammen eller går saman om felles bestandsplan med binding i minimum fire år.

## 2. Halde oppe beitekvaliteten i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker å halde oppe beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita område.

Redusert kvalitetsbeite er med på det som gjer at slaktevekta har gått ned i form av auka beitepress etter kvart som hjortebestanden veks i tal og/eller i form av samla beitande metabolsk kjøtvekt.

### **3. Redusere skader på innmark og skog**

Ein skal søkje å ha eit uttak som tek høgde for å unngå for stor skadebeiting eller skogskadar hjå einskilde utsette bønder.

Valda har ansvar for å fordele løyva slik at skadedyr raskt kan takast ut.

Bestandsplanane må ta høgde for å dele ut fellingsløyver der hjorten er i valda og kan skytast. Derfor bør valda halde tilbake løyver som kan delast ut til jaktfelt som feller kvota raskt i områdemed beiteskadar.

#### **Skogbrukslova**

Lova gjeld område der hjorteskadane er så store at dei reduserer verdien av tømmeret med 10% eller meir som følgje av barkgnag eller honningsoppråte på granskog der hjorten er smitteberar. Hjorteskadane må ikkje verte så store at forynginga til avverka bestand vert beita så hardt på toppskota at fleire års tilvekst går ut.

#### **Naturmangfaldslova**

Kommunen etter denne lova på kort varsel gi løyver til uttak av hjort utover jakttida dersom den gjer skade eller er ein fare for trafikken og allmenta.

#### **Biologisk mangfold**

I Stranda kommune er det fleire naturreservat som vert påverka av beiting av hjortevilt. Særleg edellauvskog kan verte uheldig ringbarka slik at dei dør.

#### 4. Oppnå ei sunnere hjortestamme

I dette ligg både ei berekraftig storleik på hjortestamma og gunstig kjønns- og aldersfordeling. Dette vert best målt igjennom slaktevekter for kalvar og 1 ½-åringar.

**Dokumenterte effektar av auka bestandstettleik er:**

- Generelt reduserte kroppsvekter i alle kategorier
- Redusert reproduktiv innsats hos hanndyra
- Redusert hanndyrandel blant kalvane

Snittvekt i Stranda 2012:

- Ho-kalv: 26,3 kg. Hann-kalv: 28 kg. Ho-dyr 1½ år: 47 kg. Hann-dyr 1½ år: 51 kg

Snittvekt i Stranda 2023:

- Ho-kalv: 25,93kg. Hann-kalv: 26,92 kg. Ho-dyr 1½ år: 43,66 kg. Hann-dyr 1½ år: 49,08 kg

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

- Ho-kalv: 28 kg. Hann-kalv: 30 kg. Ho-dyr 1½ år: 51 kg. Hann-dyr 1½ år: 58 kg.

**Moglege effektive verkemiddel for å auke slaktevektene:**

- **Reduksjon av hjortestamma**
- Vektgrenser for skrapdyr
- Skyte større andel med kalvar for å få eldre snittalder
- Oppretthalde ein god kjønsbalanse hos dei vaksne dyra.

Å oppretthalde fortsatt god kjønsbalanse er viktig:

Å ha tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden har og innverknad på kalvevektene. Brøling og anna brunstaktivitet til dei eldre bukkane er med på å framkunde og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på

om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca. 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er avgjerande for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harem» som dei fylgjer har erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Mangel på vaksne bukkar reknar ein difor mange stader kan vere årsak til manglande paring og dermed rebrunst.

Vaksne hanndyr har tradisjonelt utgjort ein stor del av det samla jaktuttaket. Dei seinare åra har uttaket av hanndyr i Stranda kommune vore i underkant av 15%. Dette er positivt i høve å auke delen vaksne hanndyr i bestanden. Det er også viktig å ta ut dei minste av dei vaksne hanndyra. Det er jegeren sitt ansvar å la dei største dyra leve.

Auka gjennomsnittsalder for både hann- og hodyra i bestanden vil vere med å legge grunnlaget for auka kalvevekter. Beste tiltaket for å gjere dette er å ha ein stor del av jaktuttaket som kalv. Resultat frå *Overvåkingsprogrammet* tilseier at med den avskytinga som har vore vanleg hittil vert berre ca. 11 – 12 % av fødde kalvar felte det året dei er kalv. Det er såleis ingen fare for å felle for mykje kalv.

## **5. Viltpåkøyrslar.**

Påkøyrslar er ei stor kostnad for samfunnet og representerer fare både for tryggleiken til folk, store økonomiske skader og liding for dyra.

Viltfondet dekkjer dei lovpålagde kostnadene som har med ettersøk og opprydding av fallvilt å gjere

## **6. Rapport og kontroll.**

1. Alle felte hjort skal rapporterast innan 48 timer og med faktisk alder. Skrottar skal vegast innan 48 timer etter felling med dokumentert internkontroll.
2. Rådmannen/kommuneadministrasjonen vil etter behov kontrollere utvalde jaktfelt eller hjortevald for internkontroll med heimel i § 37 i Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
3. Ein viser også til punkt 8. i retningsliner.
4. Ettersøk. Meldeplikt til kommunen ved resultatløst ettersøk første kvelden. Berre kommunen kan friskmelde påskotne dyr.

*Her viser vil til§ 20 i Viltlova som seier at: ..jeger som ynskjer å bruke kunstig lys på ettersøk ska varsle kommunen samt politi og rettighetshaver. Dersom pliktig ettersøk første dag er utan resultat, skal jeger eller jaktlag utan opphold varsle jaktrettshavar og kommunen om dei faktiske forhold, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 27.*

## **7. Brot på mål og retningsliner**

Ved brot på mål og retningsliner kan bestandsplanen seiast opp av kommunen. Vesentlege avvik i bestandsplanar vil kunne få følger for framtidig innhald i bestandsplanane.

## 8. Avskytingsstrategi og modell til bestandsplanane:

- **40 %** (30%) kalv (han / ho)
- **14 %** (15%) 1 ½ års bukk
- **31 %** (40%) kolle (vaksen + 1 ½ år)
- 15 % eldre bukk

Stranda kommune legg opp til «**Bevaringsøkologisk jaktforvalting**» pga. den negative slaktevektutviklinga i bestanden dei siste tiåra som resultat av stor tettleik og lite optimal avskytingstrategi.

Det vert oppmoda om atthjortevalda har skrapdyrordning der felling av hjortedyr på eller under vektgrense (heretter kalla skrapdyr) gir nytt løyve til jeger/jaktag fra hjortevalda.

Skrapdyra skal som dei andre felte dyra rekna med tildelt kvote og takast med i fellingsrapport med kjønn og alder.

Vektgrenser for skrapdyr :

- 20 kg for kalv
- 45 kg for 1 ½ år kolle og 1 ½ års bukk
- 55 kg for kolle 2 ½ år eller eldre
- 65 kg for eldre bukk

Bestandsplanen kan overskridast med 10 % av årleg totalkvote, men korrigera i løpet av planperioden.

- Grensa på 10 % av felte hjort av kvar kategori i alder og kjønn i tildelinga kan overskridast årleg mot korrigering i planperioden.
- Overføring av kvote fra år til år kan maksimalt utgjere 10 % av årlege totaltildelingar.
- Vrakdyr skal meldast til kommunen eller Mattilsynet for godkjenning.

## 9. Forvaltingsmål og tiltak i planperioden

### Hovudmål:

Hjorten er ein av fleire utmarksressursar for Stranda kommune. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar (rekreasjon), matproduksjon og næringsutvikling. Det er viktig at hjorten ikkje skaper store konfliktar i høve til andre nærings- og samfunnsinteresser.

### Delmål:

- Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane  
Forvaltninga av hjort i Stranda kommune skal gjerast gjennom bestandsplanar.  
Jaktrettshavarar skal organisere seg i bestandsplanområde i samsvar med den kunnskapen ein har om årsleveområde for hjortebestanden.

### Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser:

- Skadar på jordbruksareal/avlingar og skog.  
Avlingsskadar skal ikkje overstige 10% av produksjonsevna på dyrka mark og skog.  
Målsetjinga er å halde stamma på eit nivå som gjer at trafikkskadar vert haldne på eit akseptabelt nivå med under 12 påkøyrslar i året som realistisk maksimum.  
I tillegg skal ein oppmode om å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, minste avstand bør vere 30 meter.  
Skadar i hagar m.m. skal også haldast på eit akseptabelt nivå.

### Auke snittalder i bestanden

Fordi ein mest truleg har lågare gjennomsnittsalder enn optimalt blant dei vaksne dyra i bestandane er reproduksjonsevna lågare enn ønskjeleg. Viktigaste tiltaket for å betre

produksjonsevna er å auke gjennomsnittsalderen og redusere tettleiken av hjortebestanden. Dette vil også gi ein meir robust og stabil hjortebestand. Med høgare gjennomsnittsalder på dei vaksne dyra i bestanden vil ein kunne få ein vel så stor produksjon som i dag på ein mindre vinterbestand. Dette gir også mindre konfliktar.

#### Legge til rette for eit årleg uttak på om lag 500 dyr

Totaluttaket dei seinare åra har gått noko ned frå toppåret 2017. Basert på registrerte data og interessekonfliktar er det grunnlag for å ha eit høgt uttak i åra framover. Auka uttak av dyr i område med beite- og trafikkskadar skal prioriterast.

For å legge til rette for ei stabil og føreseieleg forvaltning av hjorten er kontinuitet viktig. Hjorten er ein art som generelt har relativt langsame svingingar i bestandsstorleik samanlikna med elg og rådyr. Ein bør unngå store variasjonar i tildeling av fellingsløyve mellom år, men det har vore uheldige bestandstettleiksavhengige effektar, som gjor att bestanden måtte takast raskt ned i deler av kommunen førre periode. Organisering av hjortejakta i gode forvaltingseiningar vil gjere det enklare å gjennomføre ei stabil og langsiktig forvaltning framover. Her er det potensiale i fleire bygdelag m.m.

#### **Tiltak:**

##### Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane

- Det skal arbeidast for å få til samarbeid om bestandsplanar for område mest mogleg i samsvar med årsleveområde til hjortebestanden (ane).
- Kunnskapen frå merkeprosjektet skal brukast til å avgrense årsleveområde for hjortebestanden.

### Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert

- *Sett Hjort* er det beste verktøyet ein i dag har for å kunne observere endringar i bestand. For at dette verktøyet skal vere best mogleg er ein avhengig av at det vert registrert mest mogleg data frå jakt. Alle vald/jaktfelt vert pålagt å registrere *Sett Hjort*-data.
- Kunnskap om hjorten sin områdebruk m.m. registrert gjennom merkeprosjekta skal leggjast til grunn for avgrensing av bestandplansområde. Anna relevant kunnskap om bestandsutvikling og biologi, m.o.a. resultat frå *Overvåningsprogrammet for hjortevilt* skal også leggjast til grunn for utforming av mål for bestandsutvikling m.m.

For å få eit inntrykk av helsetilstanden til hjorten i Stranda kommune skal det framover fortsatt registrerast slaktevekter på skotne hjortar.

### Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve til andre interesser

- Alle rapporterte påkøyrsler skal registrerast i Hjorteviltregisteret. Samarbeid med vegmynda er viktig for – om mogleg – å få sett i verk tiltak på utsette strekningar.
- Ein bør leggje til rette for uttak av "stasjonære" dyr i bustadområde og på jordbruksareal om våren og forsommaren når vårtrekket er over og på ettersumaren/hausten før hausttrekket er i gong.

### Auke slaktevekta for kalvar og ungdyr

- Gjennomsnittlege slaktevekter skal ikkje under 2012-nivå og målsetjinga skal vere at slaktevekta går opp 10% fram til 2027.
- Del eldre bukk skal utgjere maksimalt 15 % av det samla jaktuttaket årleg.
- Del kalv skal utgjere minst 40 % av det samla jaktuttaket årleg.
- Unngå å auke bestanden

#### Auke snittalderen i bestanden

- Del kalv og ungdyr skal årleg utgjere 70 % av det samla jaktuttaket.
- Del eldre hodyr skal årleg utgjere maks 22 % av det samla jaktuttaket
- Del eldre bukk skal utgjere maksimalt 15 % av det samla jaktuttaket årleg.

#### Legge til rette for eit årleg uttak på om lag 500 dyr

- Det skal gjerast eit årleg uttak som ligg på minst 500 dei neste åra for å redusere skader og arealkonfliktar i dei mest belasta årsleveområda, gitt vinterbestand på om lag 1500 dyr..
- Det må i nokre område sterkare verkemiddel til for å nå mål og dette krev dispensasjon frå § 6 i forskrifta om hjorteforvaltning for maks 2 år, først i planperioda.
- I årsleveområda skal del eldre hodyr utgjere minst 15% av det samla jaktuttaket årleg.

Kjønnsfordeling i jaktuttaket.

- Årsleveområda må strekke seg mot eit uttak med ei lita overvekt av koller blant eldre dyr.
- *Sett Hjort* er viktig og vert nytta i hjorteforvaltninga for bestands overvaking. Alle bestandsplanar må rette seg etter kjønnsfordeling til reellt lik 1,2 kolle per bukk i løpet av planperioden.